



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Plan- og miljøutvalet	
<b>Sakshandsamar:</b>	Planavdelinga	Marte Hagen Eriksrud
	Arkivnr.: 16/1180	Klassering:

### Fastsetting av planprogram for kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet fastset planprogrammet for Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen, revidert 25.08.17, med følgjande endringar:

Ein detaljert plan for medverknad må utarbeidast. Når plan for medverknad er utarbeida skal den opp som orienteringssak til plan- og miljøutvalet.

Vedtaket vert gjort i samsvar med plan- og bygningslova § 4.1.

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet. Utvalet tek stilling til om planprogrammet for kommunedelplanen (KDP) E 39 Flatøy-Eikefettunnelen kan fastsetjast. Planprogrammet vert førande for utarbeiding av planframlegg for KDP E 39 Flatøy-Eikefettunnelen, som seinare skal handsamast av plan- og miljøutvalet.

##### Bakgrunn

###### Prosess

Vegvesenet og konsulent har arbeidd fram silingsrapport og planprogram for kommunedelplan (KDP) E 39 Flatøy-Eikefettunnelen. Administrasjonen i Lindås kommune, ved planavdelinga og teknisk drift, har delteke i arbeidsmøter i samband med arbeidet.

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte 19.10.2016, sak 124/16, oppstart av arbeid med KDP for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Samstundes vedtok utvalet å leggje framlegg til planprogram, med silingsrapport, til offentleg ettersyn. Planprogrammet gjev føringar for utarbeiding av planframlegg for KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Framlegg til planprogram for KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen har, saman med silingsrapporten, lagt

til offentlig ettersyn i to perioder; 4. november 2016 til 20. desember 2016 og 9. mai til 8. juni 2017. Plan- og miljøutvalet vedtok i møte 22.03.2017, sak 031/17, at planprogrammet skulle ut på ny høyring. Dette for å sikre at alle som ønskja det fekk kome med innspel.

Det er kome inn 57 merknader til planarbeidet og Statens vegvesen har summert opp og kommentert desse i eigen rapport frå Statens vegvesen, som er vedlegg til den politiske saka. Gjennom handsaminga av merknadene har vegvesenet gjort endringar i planprogrammet på nokre punkt. Endringane er i all hovudsak mindre endringar og presiseringar, og har ikkje ført til endring i kva alternativ som vert tilrådd vidareført inn i arbeidet med sjølve kommunedelplanen. Endringane er tydeleggjort i kap. 3 i dokumentet «Høyring av planprogram - Samandrag av merknader med kommentarar». I tillegg inneheld merknadene mykje god informasjon som vert vurdert som ein del av det vidare planarbeidet. Det vert vist til vedlegga for utfyllande informasjon om merknadene og Statens vegvesen si vurdering av desse.

Administrasjonen støttar i hovudsak Statens vegvesen sine vurderingar som ligg til grunn for dei mindre endringane i planprogrammet.

Vedlegg; Samlefil med Planprogram for kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunelen (25.08.17), Silingsrapport (07.10.16) og Samandrag av merknader med kommentarar (25.08.17).

### Om planprogrammet

Planprogrammet gjev rammer og premiss for arbeidet med sjølve kommunedelplanen. Planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, målsetting for tiltaket, alternativ som skal utgreiast, planprosess, medverknad, kva som skal utgreiast og korleis dette arbeidet skal gjennomførast.

### **Vurdering**

Det er viktig for Lindås kommune å få avklart ny trase for E39 mellom Flatøy og Eikefettunelen. Framtidig trasè for E39 er i Knarvik sentrum – områdeplan (vedtatt 18.06.15) regulert i tunnell under Knarvik sentrum. Tunnell under sentrum legg føringar for framtidig utvikling i Knarvik ved at tunnelen legg sterke føringar og begrensningar for utbygging i grunnen. Med ein godkjent KDP for E 39 vil kommunen kunne få eit større handlingsrom i utviklinga av Knarvik sentrum.

Mål for prosjektet er fastsett i planprogrammet, og det vidare arbeidet vil tydeleggjere konsekvensar på ulike nivå, og for ulike interesser og grunneigarane. Planlegging av ein ny trase for E 39 er konfliktfylt. Etter administrasjonen sin vurdering er det difor viktig at prosessen fram til endeleg traseval gjev ei grundig vurdering av ulike potensielle løysingar. I kommunedelplanen er det viktig å få på plass eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjera kva alternativ som er mest teneleg å gå vidare med, utifrå ei samla vurdering. Det er viktig at prosessen sikrar seg imot ein eventuell «omkamp» på alternative trasear i ein seinare planfase. Administrasjonen er difor samd i Statens vegvesen sin tilråding om å vidareføre dei alternativa som er lagt inn i planprogrammet. I arbeidet med KDP er det viktig at alle alternativa vert belyst på ein grundig måte, slik at val av trasé vert tatt på eit godt kunnskapsgrunnlag. Som ei samla vurdering finn ikkje administrasjonen grunnlag for å tilrå å gå vekk

frå alternativa som er lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Her følgjer ein presentasjon av nokre sentrale moment som administrasjonen vil peike på som viktige for det vidare planarbeidet. Med unntak av punktet om medverknad i planarbeidet, er det ikkje vurdert som nødvendig å tilrå endringar i planprogrammet, som følgje av dei moment som vert omtalt.

### Medverknad

KDP E 39 er eit konfliktfylt planarbeid. Administrasjonen meiner difor det er viktig at intensjonen i planprogrammet, om ein open prosess med låg terskel for medverknad, vert følgt opp på ein god måte. For å sikre dette, vil administrasjonen tilrå at Statens vegvesen, i samarbeid med kommunen, utarbeider eit meir detaljert opplegg for medverknad. Det er viktig for å sikre god informasjonsflyt og medverknad i arbeidet med KDP, og ein plan for dette må på plass så tidleg som mogleg i planprosessen. Aktuelle stikkord er å avklare møtepunkt med aktuelle aktører, tidspunkt i planprosessen for når berørte parter kan få informasjon om planarbeidet, samt plan for å handtere grunneigarinteresser.

### Steg i planprosessen – frå planprogram til vedtatt reguleringsplan

Formålet på den politiske saka er å få eit vedtak av planprogrammet for kommunedelplanen. Tilhøve som vil ha konsekvens for val av trase; fartsgrense, vegstandard, kurvatur og kryssløysingar vert avklart i arbeidet med sjølve kommunedelplanen (sjå kap. 6 i planprogrammet). Kommunedelplanen skal fastsette ein korridor for framtidig E 39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Nærare plassering av vegen, med utgangspunkt i den fastlagte korridoren, vert gjort i arbeidet med reguleringsplanen.

Til dømes er innspel frå Arild Aase (innspel nummer 42), på alternative traseval ved Aase gardane, vurdert til å vere innafor alternativ V7c og V8 som planprogrammet tilrår at det vert arbeida vidare med i kommunedelplanen.

I arbeidet med kommunedelplanen og påfølgjande reguleringsplan vil kunnskap om verdiar og interesser i planområdet tas opp til vurdering. Avbøtande tiltak for å minske negative konsekvenser skal vurderast som ein del av planprosessen.

### Totalt kostnadsbilete for samla infrastruktur i planområdet

Det er avgjerande at planarbeidet gjev det totale kostnadsbilete for det enkelte alternativet. Kap. 8.2 og 8.3. i planprogrammet omhandlar samanlikningsgrunnlag og prissette konsekvensar av prosjektet og det er lagt opp til at planarbeidet skal sikre at dei ulike alternativa vert samanlikna på likt grunnlag. I tillegg til E 39, er det stort behov for ein framtidig løysing av Fv 57 og Fv 565. Alternativ V7c og V 8 har felles trasè for E39 og Fv. 57 mellom Knarvik og Isdal/Åse, mens V3 og V4 ikkje har det.

Tema er omtalt i planprogrammet på ein tilfredsstillande måte, men administrasjonen vil likevel understreke at det er viktig for kommunen å arbeide for at det totale behovet for veginfrastruktur i planområdet vert inkludert i omtalen av kostnad for det enkelte alternativ. I tillegg må kommunen, i

samarbeid med Statens vegvesen, arbeide for at eksisterande E 39 og fylkeskommunale vegar får nødvendig løyving og vert sikra nødvendig utbetring i påvente av at ny E 39 i planområdet er bygd ut.

#### Behov for fråvik frå Statens vegvesen sine handbøker/vegnormalar

I Silingsrapporten kap. 11.2.2 er tema omtalt. Fleire av alternativa som er tilrådd vidareført i planprogrammet vil krevje fråvik frå kravet om at kryss med overordna vegnett skal skje i dagen, jf. Vegvesenet sine handbøker/vegnormalar. I silingsrapporten er dette fråviket identifisert for følgjande alternativ:

- V7C og V8 – fullt kryss i Knarvik vest
- V8 – ramper i fjell frå krysset ved Isdalstø
- V4 – kryssløysing anten ved Mundalsberget eller Gjervik

Søknad om fråvik skal handsamast av ei eiga fråviksnemd i Vegdirektoratet. Det skal undersøkast om det er mogeleg å få ei snarleg avklaring på dei omtalte fråvika.

#### Byggje-og deleforbod

Kommunedelplanen vil vedta ein trasé for ny E 39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Når framtidig trasé er vedtatt ønskjer Statens vegvesen at kommunen innfører eit mellombels forbod mot tiltak for vedtatt trasé, jamfør plan- og bygningslova § 13.1. Formålet med eit slik forbod er å fastsette reguleringsplan før ein tillatt større investeringar og tiltak i valt korridor. Forbodet skal sikre at det ikkje vert gjennomført tiltak som vil vanskeleggjere planarbeidet eller fordyre gjennomføring av planen.

I påvente av ein vedtatt kommunedelplan er Statens vegvesen i tillegg opptatt av at dei får uttale seg i saker som berører dei alternative traséane som er til vurdering. Med andre ord må kommunen sikre seg at alle relevante deler av administrasjonen er kjent med kva alternativ som er til vurdering, slik at eventuelle konsekvensar for det pågåande arbeidet med kommunedelplanen vert ein del av vurderingane i sakshandsaminga. Pågåande arbeid med å avklare framtidig lokalisering av ny skule i Eikanger og Kløvheim skulekrins er døme på tiltak som allereie er råka av arbeidet med KDP E 39. Statens vegvesen er tydeleg på at ein må forvente motsegn i reguleringsplanarbeidet på tre av dei fire skuletomtene som er til vurdering.

Forbod mot tiltak vil og kunne ha konsekvens for private interesser som næringsutvikling, ønske om bustadutvikling og eventuelt andre tiltak. Kommunen vil arbeide for at perioden med mellombels forbod mot tiltak vert så kort som mogleg. Det betyr at kommunen må arbeide for at arbeidet med reguleringsplanen vert satt i gang med ein gong kommunedelplanen er vedtatt, og at ein sikrar ein mest mogleg effektiv reguleringsplanprosess.

#### Fritak frå krav om KVU/KS1

Kommunen vart i august kjent med eit brev frå Samferdselsdepartementet til Vegdirektoratet som omhandla strekningar som får unntak frå kravet om konseptvalutgreiingar (KVU) og kvalitetssikring av konseptvalutgreiinga (KS 1). Strekinga E 39 Nordhordlandsbrua-Sognefjorden var ein av fleire strekningar som fekk fritak frå dette kravet. Statens vegvesen har i fellesmøte mellom

styringsgruppene i Lindås og Meland kommune opplyst om bakgrunnen for brevet og konsekvensane for planarbeidet. I hovudsak er KDP E 39 fritatt frå kravet med bakgrunn i at planarbeidet tek utgangspunkt i eksisterande trasé og representerer såleis ikkje eit «nytt konsept». Tilhøve som vegstandard, med talet på felt og fart, er tilhøve som ein del av KDP arbeidet.

#### Drikkevatn

Det er viktig for kommunen at tilhøve til drikkevatn vert vurdert særskilt. Kap. 8.5 i planprogrammet gjev ei omtale av tema. Det vert lagt til grunn at tiltak for å unngå senking av grunnvasstand og utlekking frå vasskjelder er inkludert i utgreiingsprogrammet som er omtalt i tabell 8.8.

#### Jordtippar

Parallelt med arbeidet med KDP E 39 vil administrasjonen kartlegge moglege areal for mellombelse og/eller permanente areal for jordtippar i samband med byggefasen for ny E 39. Erfaringsmessig vil ein i eit slikt prosjekt få overskottsmassar, stein og jord, som kan nyttast til landbruksproduksjon. Administrasjonen skal arbeide for å sikre at slike masser kan nyttast til å styrke landbruket i kommunen.

#### Tilhøve til andre planarbeid

Planarbeidet har konsekvens for fleire planarbeid i kommunen, mellom anna:

- Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen.
- Områdeplan for Ostereidet.
- Kommuneplanens arealdel.

Administrasjonen vil sørge for ei best mogleg kopling mellom desse planarbeida og arbeidet med KDP E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

#### Tilråding

Administrasjonen vil rå til at planprogrammet vert fastsatt med den endringa som er føreslått som vedtakspunkt i saka.

#### **Vedlagte saksdokument:**

15\_204805-77Kommunedelplan E39 Flatøy- 182385 11.09.2017  
Eikefettunnelen. Oversendelse av revidert planprogram  
for saksbehandling. med vedlegg

#### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost